

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 02.12.2021

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen, økonomidirektør Ola Rye,
HR- og org. direktør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: Årleg melding 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 28/21

STYREMØTE: 09.12.2021

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek Årleg melding 2021 som Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2021.

Innleiing

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. I Styringsdokumentet 2020 for SAV, skal føretaket sende tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.1.2022. Denne meldinga er såleis eit grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Oppsummering

Årleg melding 2021 er Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2021». Oppsummert er biletet at vi leverer bra på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2021. *Sjå vedlagte rapport utarbeidd etter mal frå Helse Vest.*

Kommentarar

Årleg melding 2021 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Resultatprognose

- totalt for SAV for 2021 viser eit resultat på ca. 9 mill. Dette er 2 mill. over resultatkravet.
- Det er særleg inntekter frå arbeid med prosjekt B-180 og distribusjon av vaksiner som bidreg til resultat over resultatkravet.
- SAV har tilfredsstillande likviditetssituasjon
- Investeringsane ligg lågare enn budsjetter på grunn av tidsforskyving i fleire prosjekt.

SAV har arbeidd med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

SAV er opptekne av å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følgje opp sentrale krav, men og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene og pasient- og brukartryggleik. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Måla og tiltaka til SAV er av langsiktig karakter, men innhaldet femner om å skape trygge og gode tenester i tett dialog med sjukehusføretaka.

Konklusjon

Adm. direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2021» slik den ligg føre som SAV rapport til eigar.

Vedlegg:

1. Årleg melding 2021 Sjukehusapoteka Vest HF